

Kartlegging av hubro i forbindelse med vegprosjektet E39 Stord - Os



Sommaren 2016

Bjarne Homnes Oddane

Kartlegging av hubro i forbindelse med vegprosjektet E39 Stord - Os

Sommaren 2016

Ecofact rapport: 529

www.ecofact.no

Referanse til rapporten:	Oddane, B. H. 2016. Kartlegging av hubro i forbindelse med vegprosjektet E39 Stord - Os. Sommaren 2016. Ecofact rapport 529
Nøkkelord:	Vilt, kartlegging, fugl, Tysnes kommune
ISSN:	1891-5450
ISBN:	978-82-8262-527-2
Oppdragsgiver:	Statens vegvesen
Prosjektleder hos Ecofact:	Bjarne Homnes Oddaen
Samarbeidspartnere:	
Prosjektmedarbeidere:	
Kvalitetssikret av:	Solbjørg Engen Torvik
Forside:	Lyddopptakar i nærleiken av potensielt hekkeberg. Foto: Bjarne Homnes Oddane

www.ecofact.no

INNHOLD

1 FORORD	1
2 INNLEDNING	2
3 MATERIAL OG METODE	3
3.1 INTERVJU.....	3
3.2 FELTUNDERSØKINGAR	3
3.3 BRUK AV LYDOPPTAKAR.....	4
4 RESULTAT OG DISKUSJON.....	7
4.1 OPPSUMMERING	8

1 FORORD

Ecofact har på oppdrag frå Staten vegvesen Seabrokers å gjennomført ein kartlegging av hubro i området langs dei ulike vegalternativa i den planlgde nye E39 mellom Stord og Os i Tysnes kommune.

2. september 2016

Bjarne Homnes Oddane

2 INNLEDNING

Bakgrunn for prosjektet er utarbeiding av kommunedelplan for E39 Stord – Os i Hordaland. I 2011 vart det gjennomført ei konseptvalutgreiing med tilhøyrande tilleggsutgreiing. Regjeringa fatta så vedtak om konsept 4c, veg frå Stordøya over Tysnes kommune, kryssing av Bjørnafjorden med bru og veg vidare til Svevatjørn i Os kommune. Det skal planleggjast 4-felts veg. I samsvar med Forskrift om konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova, skal det utførast konsekvensutgreiing som del av planarbeidet. Konsekvensutgreiinga er snart fullført, men etter møte med Fylkesmannen i Hordaland er det mangelfull kunnskap om mogeleg førekomst av hubro. Ecofact fekk i den forbindelse oppdrag av Statens vegvesen ved Idar Reistad å gjennomføre ein kartlegging av hubro i området langs dei ulike vegalternativa i Tysnes kommune. Arbeidet er utført Bjarne Homnes Oddane sommaren 2016.



Figur 1. Hubroen er nattaktiv og kan være svært vanskelig å registrere. Illustrasjonsfoto: Roy Mangersnes

3 MATERIAL OG METODE

Feltarbeidet blei gjennomført i tidsperioden juni til august 2016. Frå før av er det ingen kjente registreringar av hubro i Tysnes kommune. Undersøkingssområdet er svært stort og utan lyttingar etter territoriehevdande hubro på seinvintaren eller gamle registreringar er det lite å forholde seg til og vanskeleg å få fram data på førekomsten av hubro. Hubroen er nattaktiv, gir frå seg lite lyd og har svært kort oppfluktavstand. Den kan derfor vere til stades utan at den er registrert av verken grunneigarar, hobbyornitologar eller forvaltningsmyndigheitene. Me har lagt opp til eit tredelt feltarbeid, med intervju, feltundersøkingar og bruk av lydopptakar.

3.1 Intervju

Den fyrste delen av undersøkinga var for ein stor del av oppsøkjande karakter i forhold til om nokon kunne kjenne til førekomst av hubro. Informasjon frå hobbyornitologar, jegerar, friluftsfolk og grunneigarar blei samla inn ved telefonsamtalar og ved å ringe på dørene. Det ble spilt av hubro- og kattuglelyd for informantane for å redusere faren for forveksling mellom dei to ugleartane. Grunneigarar frå alle potensielle hekkeområder ble intervjuet.

3.2 Feltundersøkingar

Stader som erfaringsmessig så ut som potensielle hekkeberg på kartet, samt potensielle hubrolokalitetar som kom fram frå intervju blei undersøkt i felt. Feltarbeidet forgjekk i stor grad ved bruk av kikkert/teleskop og ved å leite etter sporsteikn i potensielle hekkeberg og typiske stader der hubroen vil kunne overlevera byttedyr.



Figur 2. Potensielle hekkeberg blei undersøkt for ulike sporsteikn etter hubro. Foto: Bjarne Homnes Oddane

3.3 Bruk av lydopptakar

Det blei også sett ut lydopptakarar på potensielle plassar. Feltarbeidet blei gjort utanfor hubroen sin mest vokale periode, men noko lyd lagar den gjennom heile året. Det er også mogleg å få inn tiggelyd frå ungar. Det ble brukt 5 opptaksenheter av typen Acoustic Song Meter SM4 (se figur 3). Se figur 4-8 for lokalisering av opptaksenhetene.




Figur 3. Lydopptakar montert opp i Tysnes. Foto: Bjarne Homnes Oddane


Denne metoden går ut på å bruke lydopptakar som blei sett ut i nærleiken av potensiell hekkeplassar. Hubroen nyttar lyd både for å markera territoriet (det området som forsvaras mot naboar og ev. inntrengarar) samt for å kommunisera med maken. Hubroens ”roping” høyrast oftast i tida før egglegging på etterm vinteren, men den kan høyrast heile året. Lydopptakaren blei programert til å gjere opptak frå solnedgang til soloppgang i perioden midten av juni til midten av juli 2016. Dei digitale lydfilene blei analysert ved hjelp av lydprogrammet Audacity (ver. 2.1.0). Her kan man sjå etter lyder frå hubro i «spektrogrammet», det vil sei den visuelle representasjonen av lydbiletet. Her ser ein etter lyd eller «plott» i frekvensintervallet 250-600 Hz. Hannen sin roping ligg mellom 300-450 Hz og hoa ligg på 470-600 Hz.




Figur 4. Rødt punkt markerar kor lydopptakarane blei sett ut. Dei planlagde vegtraseane er vist som linjer (raude og svartstipla).




Figur 5. Lydopptakar 1. Raudt punkt markerar kor opptakaren blei plassert, medan gule kjegleforma polygon markerar viktige opptaksretningar.



Figur 6. Lydopptakar 2 og 3. Røde punkt markerar kor opptakarane blei plassert, medan gule kjegleforma polygon markerar viktige opptaksretningar.



Figur 7. Lydopptakar 4. Rødt punkt markerar kor opptakaren blei plassert, medan gule kjegleforma polygon markerar viktige opptaksretningar.



Figur 8. Lydopptakar 5. Rødt punkt markerar kor opptakaren blei plassert, medan gule kjegleforma polygon markerar viktige opptaksretningar.

4 RESULTAT OG DISKUSJON

Det er frå før av ingen kjente registreringar av hubro i Tysnes kommune. Hubroen kan karakteriserast som ein steppeart og likar eit opent landskap. I Norge hekker hubroen vanlegast langs vestkysten av Norge i dei opne kystlyngheiane. Store delar av Tysnes er dekt av skog og dermed mindre optimal for hubro med sine lange venger (opptil 180 cm i vengespenn) og korte hale. Det vart av den grunn ikkje forventa mange hekkande par i kommunen. Gjennom intervjurunden kom det ikkje fram opplysningar om nokon førekomst av hubro i undersøkingsområdet. Nokre hadde høyrte kattugle. Ved gjennomgang av kart ble det funnet nokre områder som kan vere potensielle som hekkeberg. Alle desse blei undersøkt utan at det blei funnet sporeikn etter hubro. Samstundes er det ofte svært lite sporeikn å finne dersom hubroen ikkje har gått til hekking. Generelt var det ein dårleg hekkesesong for hubro både i Rogaland og Hordaland i 2016. I tilknytning til fem av desse potensielle bergveggane blei det satt opp lydopptakarar for å registrera eventuelle førekomstar av hubro. Det ble ikkje registrert nokon hubro, men kattugle ble registrert på tre av lokalitetane. Til saman blei det registrert 18 fugleartar, hjort, sau og ku på lydopptakarane. Det kan nemnast spesielt at det blei hørt havørnakkling seint på kvelden 24. juni 2016 ved lydopptakar 5. Dette kan tyde på hekking i nærleiken, men må undersøkjast nærmare.

4.1 Oppsummering

Ut frå opplysningar samla inn gjennom intervju, feltarbeid og resultat frå utsette lydopptakarar er det ikkje gjort funn som indikerer førekomst av hubro. Samstundes er registreringane ikkje gjort på den mest optimale tida, slik at ein kan ikkje heilt sjå bort frå at det kan førekomme hubro her. Tatt i betraktning at så store delar av undersøkingsområdet er skogkledd, vurderast det likevel som lite sannsynleg at det hekkar hubro i planområdet.